



Uskedalen er nådd i praktvær

Uskedalen har ikkje så stor skipstonnasje, men i dag har den auka litt - om ikkje så mykje i kvantitet så i alle fall i kvalitet. På plass

nummer 16 i båthamna ligg det no ein lekker fransk produsert båt av merket Benetau som avløyste ein cabin cruiser.

Det var båtentusiastane Reidar

Myklebust og Ellen Schwencke som bytte båt og som heretter kjem til å spela meir på lag med vind og ver. Men det verkar ikkje som om dei har dei heilt store ambisjonane.

- Vi satsar vel på ein runde rundt Skorpo, ler Reidar.

Dei kjøpte det 8 år gamle vidunderet på Hjellestad og meiner dei har gjort eit svært godt kjøp for båten er svært velutstyrt. Og dei har allereie 8 timer opplæring bak seg, formidla av den tidlegare eigar og Frode Myklebust. Den siste var konsulent under den 5 timer lange og stort sett vindlause ferda til Uskedalen. Han har 15 år bak seg som siglar og rykta fortel at han no skal satsa på ein enda meir avansert båt.

Reidar og Ellen kallar den nye båten sin Viljar IV og bak det namnet gøymer det seg no 3 båtar og ei hytte. Dei opnar sitt nye båtliv med overnatting i farkosten som får det beste skussmål av Frode.

Båten er 37 fot lang og mastane er 15 meter høge, for å ta fram to tal som er lette å forstå også for landkrabbar. På grunn av nesten vindstille brukte han bortimot 15 liter diesel på turen til Uskedalen.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen



Reidar og Ellen gjer båten klar for besøkjande